



Årdal kommune
Statsråd Evensensveg 4
6885 ÅRDALSTANGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon

Dag Endre Stedje, 5764 3150

Fråsegn til søknad om dispensasjon frå plankrav og LNF-formål i arealdelen til kommuneplanen for etablering av steindeponi på gbnr. 4/1, 5/102, 6/4 ved Loi i Årdal kommune

Vi viser til oversending dagsett 26.03.2021 og til synfaring i området 16.04.2021.

Søknaden gjeld løyve til å etablere eit massedeponi på gbnr. 4/1, 5/102,6/1 og 6/4 på Loi. Det totale arealet på deponiområdet er om lag 30 daa. Størstedelen av området er sett av som næringsområde i arealdelen til kommuneplanen med krav om utarbeiding av reguleringsplan, mens eit område i nord er LNF-område. Årdal kommune vurderer å gje mellombels dispensasjon frå plankravet og frå LNF-formålet i kommuneplanen.

Det er overskotsmassar frå utbetringa av Seimsdalstunnelen som er tenkt plasserte ved Loi. Her vil det bli eit masseoverskot på om lag 250 000 m³. Det ligg føre godkjent løyve for å plassere massane i eit sjødeponi, men kommunen ønskjer heller å nytte massane til samfunnsnyttige formål. Det er opplyst at det hastar med å få avklart deponiområde på land, då overskotsmassane frå tunnelarbeidet snart vert tilgjengelege.

Årdal kommune førebur oppstart av arbeid med utarbeiding av reguleringsplan for området. Arbeidet er planlagt med oppstart hausten 2021. Gjennom planarbeidet skal etterbruken og naturbasert sårbarheit for planlagt framtidig bruk avklarast.

Vilkåra i plan- og bygningslova for å kunne gje dispensasjon

I plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2, andre ledd, står følgjande: "*Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må fordelene ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene etter en samlet vurdering. Det kan ikke dispenseres fra saksbehandlingsregler*".

Det skal gjerast ei grundig vurdering i kva grad omsyna bak arealdisponeringa i kommuneplanen og bak plankravet vert skadelidande ("vesentlig tilsidesatt"), og om fordelane ved å innvilge søknaden er klart større enn ulempene etter ei samla vurdering (jf. pbl. § 19-2). Begge desse vilkåra må vere



innfridde for at det skal kunne gjevast dispensasjon. Aktuelle fordelar må liggje innanfor rammene av plan- og bygningslova, slik at det i utgangspunktet er areal- og ressursdisponeringsomsyn som kan grunnge ein dispensasjon.

Det skal ikkje vera kurant å få innvilga dispensasjon. Dispensasjon skal berre gjevast unntaksvis, og vart stramma inn med plan- og bygningslova av 2008. Det er i utgangspunktet planar som skal vera det styrande.

Vi minner også om at det skal gjerast ei vurdering etter naturmangfaldlova (nml.), og at dei "miljørettslege prinsippa" i §§ 8-12 skal leggjast til grunn for all offentleg myndigheitsutøving som vedkjem naturmangfaldet, og vurderinga av desse prinsippa skal gå fram av vedtaket (jf. nml. 7).

Vurdering av dispensasjon frå plankravet

Det gjeld her eit direkte plankrav, nedfelt i arealdelen til kommuneplanen frå 2012 for utbygging av næringsområdet ved Loi. Spørsmålet om konsekvensutgreiing knytt til utarbeiding av reguleringsplan for næringsområdet er uavklart. I KU-forskrifta vedlegg II. "Planer etter plan- og bygningsloven og tiltak etter annet lovverk som skal vurderes nærmere", er pkt. 11, bokstav j og k, aktuelle innslagspunkt i denne saka, vurdert opp mot § 8 og § 10 bokstav b i forskrifta. Vi viser her m.a. til omtale av førekomstar av raudlista naturtypar og artar nedanfor. Mykje talar for at ein reguleringsplan for næringsområdet kan utløyse krav om konsekvensutgreiing.

For planar som utløyser krav om konsekvensutgreiing er det nedfelt særlege sakshandsamingsreglar i KU-forskrifta og i plan- og bygningslova. Plan- og bygningslova har eit klart forbod mot å dispensere frå slike sakshandsamingsreglar, jf. pbl. § 19-2 andre ledd, andre punktum. Ut frå lovførearbeida er det lagt til grunn at det ikkje kan dispenserast frå plankrav dersom ein plan må handsamast etter KU-forskrifta. Av *Ot.prp.nr. 32 (2007-2008) s. 243, som gjeld pbl. § 19-2*, går det fram at: *"Andre ledd andre punktum angir at det ikke kan dispensereres fra saksbehandlingsregler. Dette gjelder for både plansaker og byggesaker, herunder eksempelvis plankrav for planer som krever konsekvensutredning"*. Ut frå ovanstående vil vi understreke at det er eit generelt forbod mot å dispensere frå plankravet for ein reguleringsplan som utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Med bakgrunn i dette går vi ikkje inn på ei nærare vurdering av i kva grad omsyna bak plankravet vert tilsidesett eller ei fordel-/ulempevurdering (jf. pbl. § 19-2) av å dispensere frå plankravet. Vi vil likevel understreke at dersom viktige forhold ikkje er avklart, tiltaket sine verknader for omgjevnadene (miljø og samfunn) er usikre eller av ein viss storleik, eller at tiltaket er omstridt, vil det være vanskeleg å konkludere med at omsyna bak plankravet ikkje blir "vesentlig tilsidesatt" ved en dispensasjon.

Vurdering av dispensasjon frå LNF-formålet og konflikt med sektorinteresser

Ein økolog frå Norconsult har laga eit miljøfagleg notat for å vurdere moglege konfliktrar med naturverdiar i det aktuelle deponiområdet. Vurderinga er m.a. basert på eksisterande kunnskap tilgjengeleg i offentlege databasar, kart og historiske flyfoto og frå foto frå området. Økologen har ikkje undersøkt området i felt. I notatet kjem det fram at arealet i den nordlege delen av det omsøkte massedeponiet kan vere av stor naturfagleg verdi. Her er det tidlegare registrert tirilungesmalmott, som er ein raudlista (VU -sårbar) nattsommarfugl og halvmøll. Eit avgrensa areal nord i området kan vere naturtypen seminaturleg eng, som er raudlista som sårbar. Det går fram av notatet at naturtypen er i gjengroing.

Statsforvaltaren var, etter ønskje frå kommunen, på synfaring i det aktuelle deponiområdet 16.04.2021. I starten av synfaringa var tre representantar frå kommunen med. Ei synfaring i midten



av april er for tidleg for å få ei tilfredsstillande kartlegging av vegetasjon og førekomst av t.d. insekt og fugl. Under synfaringa vart det likevel gjort fleire interessante funn. Av fugleartar er gulsporv tidlegare (2020) registrert i området. Under synfaringa vart eit gulsporv-par sett innanfor det aktuelle deponiområdet. Arten er raudlista som nær trua (NT) og må vurderast som sannsynleg hekkande i kulturlandskapet der steinfyllinga er planlagt.

Når det gjeld nattsommarfuglen og halvmøllen tiriltungesmalmott hadde ikkje vegetasjonen kome langt nok til å seie så mykje sikkert om sannsynleg førekomst, men det verkar mest sannsynleg at vertsplantene (tiriltunge og rundbelg) vil vere å finne heilt nord i området (skrint jordsmonn med berg i dagen, hagemark). Ut frå synfaringa er det rimeleg sikkert at det i dette området er areal som kan klassifiserast som seminaturleg eng (raudlistestatus VU, sårbar).

Når det gjeld andre naturtypar vart det funne ei leirravine sør i området. Denne naturtypen er raudlista som sårbar (VU) pga. store tap til bakkeplanering og utfylling. Førekomsten i Loi er om lag 150 meter lang. Artsdatabanken opplyser om at typisk lengde på leirraviner er 50-100 meter.

Vi legg ved eige notat frå synfaringa med skildring og kartfesting av funna.

Det er ei nasjonal målsetjing at tapet av biologisk mangfald skal stoppast. Nedbygging av areal til ulike føremål vert samla sett rekna som eit av dei største trugsmåla mot naturtypar og artar i Noreg.

Statsforvaltaren kjem ut frå ovanståande til at ei utfylling av inntil 250 000 m³ steinmassar, og ein seinare reguleringsplan for eit næringsområde i dette området, er klart i strid med nasjonale og viktige regionale interesser knytt til naturmangfald. Interessene bak LNF-formålet i kommuneplanen i nord vil bli klart skadelidande av ein dispensasjon. Vi tenkjer her spesielt på naturmiljø.

Oppsummert kan ikkje Statsforvaltaren sjå at lova sine vilkår for å kunne gje dispensasjon i denne saka er innfridde, jf. pbl. § 19-2, andre ledd. Det er ikkje heimel til å gje dispensasjon frå plankravet for ein reguleringsplan som fell inn under KU-forskrifta. Ut frå kjent kunnskap om naturverdiane i området er det heller ikkje tvil om at både raudlista naturtypar og artar vil bli råka som følge av eit større steindeponi ved Loi. Statsforvaltaren vil såleis sterkt rå frå å gje dispensasjon.

Statsforvaltaren vil avslutningsvis understreke at vi har forståing for kommunen sitt ønske om å nytte steinmassane til samfunnsnyttige formål, og at vi generelt støttar opp om ei slik utnytting av overskotsmassar. Vi set pris på den nære dialogen kommunen har lagt opp til for å få opplyst saka best mogeleg. Vil finn det likevel naudsynt å presisere at plasseringa av massane må avklarast på ein plan- og miljøfagleg god måte, m.a. med sikte på å unngå negative verknader for naturmiljøet. Vi tilrår difor å vurdere alternative stader å nytte massane i Årdal, der ein kan ivareta både miljø- og samfunnsinteresser i kommunen.

Vi ber om å få tilsendt kommunen sitt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Dag Endre Stedje
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Vedlegg: Loi – Notat etter synfaring 16.04.20021

Kopi til:

Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN